## Blome-vandalar på ferde att

05.06.2012

**Heller ikkje i år har blomane som er utplassert i urner fleire stader i bygda fått vera i fred. Så langt har vi registrert 2 døme på at blome-vandalar har vore på ferde - i båthamna og på Korsnes.**

I båthamna har dei ubedne gjestane kasta ei urne med blomar uti vatnet (biletet) og båtentusiastane tykkjer at syndarane burde dykka og henta urna opp att.

På Korsnes har dei i alle fall gjort ein freistnad på å retta opp att skaden etter at 2 urner frå bussholdeplassen er slengt ned ein skråning.

Den eine urna vart knust, men det er planta opp att i den andre, fortel Sella Hjønnevåg som tek seg av blomeprakten langs hovudvegen denne sommaren. Ho er som andre svært skuffa over at blomeurnane ikkje får vera i fred.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen